



Byggpartner har auka kontorflata si til 100 kvadratmeter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også dei som driv i byggjebransjen i Uskedalen har god vind i segla for tida.

Det gjeld både Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) og Byggeriet (Uskedal Trelastlager), som er samlokalisert i Trelastlageret sin bygning i sentrum.

Bu flytta frå Ytre Eik til Byggeriet i desember 2009, men allereie no treng firmaet større armslag og tar i desse dagar i bruk også lokala som Kunst & Ramme har hatt i enden av bygningen. Dermed aukar dei frå 70 til 100 kvadratmeter, og det blir god plass for dei 3 som skal ha kontorplass, Firmaet har no tilsaman 8 tilsette.

Når det gjeld Kunst & Ramme presiserer innehavaren Kjetil Dagestad for uskedalen.no at firmaet slett ikkje har opphørt, som det går rykter om. Det har berre flytta frå Trelastlager-bygningen og 100 meter oppover - til kjellaren i Dagestad sin privatbustad i Halsabrotet 15. Dei som treng innramming kan når som helst ringja og bestilla hos Dagestad.

Men utstillingar blir det ikkje lenger. Dagestad har sidan han etablerte seg i Uskedalen i 2006 hatt ei rekkje utstillingar og hadde ikkje minst som ambisjon å vera "fødselshjelpar" for lokale amatørkunstnarar som hadde trong for det.

Av Ola Matti Mathisen